

14/2042

06-May-2014

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
5. 05. 2014	
Ark. saknr.	Lindås
Saknr.	Tilleggs saknr.

Lindås kommune
 Kvernhusmyrane 20
 5914 ISDALSTØ

Førde, 2.5.14

KLAGE PÅ SAKSHANDSAMING OG VEDTAK GJORT AV LINDÅS KOMMUNE

Eg representerer Terje Hauge og Lisbeth Skorpen.

Bakgrunn:

Terje Hauge og Lisbeth Skorpen kjøpte i 2008 bustadtomt hjå Pål Storetvedt, jfr. **vedlegg 01** – skøyte for gbnr. 140/49 i Lindås kommune.

Faktum:

Seljar av eignedomen, dåverande eigar av gbnr. 140/37, hadde fått løyve av Lindås kommune til å etablere sanitæranlegg for sin eignedom på eiga tomt, sørvest for bustadhuset sitt, jfr. **vedlegg 02**, s. 3 – kopi av søknad for gbnr. 140/37 om tilkopling og utføring av sanitæranlegg, innstempla Lindås kommune 13.6.06.

Storetvedt plasserte anlegget (tankane) på det som i dag er gbnr. 140/49, jfr. vedlagt svart/kvitt foto – **vedlegg 03**. Plasseringa var i strid med løyvet som vart gjeve av Lindås kommune.

Utan flytting av tankane og røygata som gbnr. 140/37 hadde etablert på det som i dag er gbnr. 140/49, så ville ikkje tomta kunne nyttast til bustadtomt. Den ville såleis ikkje vere salgbar.

Ein føresetnad for kjøpet av tomta var at Storetvedt flytta tankane (Biovac minirensanlegg).

Seinare, i samband med at skøyta for eignedomen skulle skrivast, vart partane samde om at Hauge/Skorpen skulle kjøpe seg inn i biovac-anlegget, då dette var stort nok til å kunne nyttast av to husstandar. Hauge/Skorpen var på dette tidspunkt ikkje kjende med at avlaupstankane/anlegget gbnr. 140/37 hadde anlagt ikkje hadde godkjenning og såleis ikkje var lovleg etablert.

Hauge/Skorpen søkte om etablering av "Nyanlegg", jfr. **vedlegg 04** - søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg, innstempla Lindås kommune 8.12.2008.

Ein vedlegg også erklæring frå røyrleggjaren som hadde ansvarsretten for utførande rørarbeid, jfr. **vedlegg 05** - erklæring frå Lindås Rør & Sanitær AS, datert 7. mai 2013. Her framgår det på s. 1 at anlegget vart etablert som nyanlegg, men med brukte tankar. Søknaden gjaldt kun for gbnr. 140/49. Det som vart opplyst i pkt. 8 søknaden var feil, sidan anlegget søknaden gjaldt var nyanlegg med brukte tankar.

Slik Skorpen/Hauge ser det, er det er kùn dei som har søkt om, og fått godkjent, avløpsanlegget slik det no er etablert. Storetvedt var ikkje medsökjar på søknaden som vart innsendt. Gbnr. 140/37 har heller ikkje sendt inn nokon eigen søknad om å få godkjent avløpsanlegg for gbnr. 140/37 slik det er etablert i dag.

I samband med flyttinga av anlegget, så vart det inngått munnleg avtale om kostnadsfordeling mellom Skorpen/Hauge og Storetvedt, men Storetvedt nekta å gjere opp for seg då røygater og alt var kome i orden. I den forbindelse har det oppstått tvist mellom ny eigar (Ottesen) av gbnr. 140/37 og Hauge/Skorpen (gbnr. 140/49) om rett for gbnr. 140/37 til å gå over grunnen til gbnr. 140/49.

Sidan gbnr. 140/37 sin andel av utgiftene med etableringa av anlegget ikkje har vorte betalt av rettsforgjengaren til Ottesen, så har Hauge/Skorpen nekta å inngå avtale om rett for gbnr. 140/37 i Lindås kommune til å gå med avlaupsrøra sine over innklaga sin grunn utan at rettmessig andel av kostnadane vart betalt.

Realiteten er at grøfta og røyra som går over innklaga sin grunn tilhøyrer innklaga fullt og heilt.

Hauge/Skorpen har hatt dialog med Lindås kommune i høve gbnr. 140/37 sitt avløpsanlegg og godkjenningar. Ein viser i den forbindelse til vedlagt korrespondanse i saka, jfr.

vedlegg 06a – kopi av e-post frå Lindås kommune av 7.3.13 v/Malvin Klementsens

vedlegg 06b – kopi av e-post frå Lindås kommune av 21.5.13 v/Malvin Klementsens

vedlegg 07 – kopi av brev frå Skorpen/Hauge, datert 24.5.13, til Lindås kommune

vedlegg 08 – kopi av brev frå Lindås kommune, datert 29.5.13, til Skorpen/Hauge

vedlegg 09 – kopi av brev frå adv. Hauge, datert 27.9.13, til Lindås kommune

vedlegg 10 – kopi av brev frå Lindås kommune, datert 7.11.13, til adv. Hauge

vedlegg 11 – kopi av brev frå adv. Hauge (m/vedlegg 04), datert 3.3.14, til Lindås kommune

vedlegg 12 – kopi av e-post frå Lindås kommune, datert 17.3.14, til adv. Hauge

Sjå nest siste avsnitt i **vedlegg 08**: Her anfører kommunen at anlegget som var etablert av gbnr. 140/37 på gbnr. 140/49, som bevisleg var ulovleg etablert, var godkjent.

Kommunen meiner også, jfr. siste avsnitt i dette skrivet, at bnr. 37 har gyldig utleppsløyve. Dette trass i at bnr. 37 ikkje har fått godkjent anna plassering av anlegget til sin eigedom enn slik som omsøkt i **vedlegg 02** (sjå s. 3), og trass i at bnr. 37 ikkje seinare har søkt om godkjenning av avløpsanlegg for eigedomen på nokon annan stad, t.d. der det anlegget er plassert i dag.

Som det framgår, så anfører Lindås kommune også at (sitat) "*Endra plassering av det godkjente anlegget med røyr som går over bnr. 49 frå bnr. 37 er godkjent og "legalisert" etter søknad fra din klient.*"

Kommunen meiner altså, slik ein må forstå det kommunen gjer gjeldande, at bnr. 37 har fått godkjent avløpsanlegg over gbnr. 140/49 gjennom at gbnr. 140/49 åleine har søkt om og fått godkjent anlegget for sin eigedom. Dette er ikkje haldbart, og ein bed difor om at Fylkesmannen i Hordaland vurderer både sakshandsaminga og rettsbruken til Lindås kommune i denne saka.

Avslutning:

Det vert gjort gjeldande at Lindås kommune ikkje kan gje løyve til etablering av avløpsanlegg for gbnr. 140/37 på gbnr. 140/49 sin grunn utan særskilt søknad frå gbnr.

140/37, eller etter fellessøknad frå 140/37 og 140/49.

Dersom søknaden ikkje er ein fellessøknad, så vil ikkje kommunen ha høve til å innvilge ein separat søknad om utsleppsanlegg for gbnr. 140/37, med røyrgate over gbnr. 140/49 sin grunn, utan at det føreligg privatrettsleg avtale om rett for gbnr. 140/37 til å gå over gbnr. 140/49 med avløpsrøyra.

Med helsing


Ivar Hauge
Advokat

Kopi: Klient
Fylkesmannen i Hordaland

Vedlegg: Nemnde 01-12